



"Hjelp, eg har mist hørselen din.."

Et "førstehjelpskurs" for folk som er i kontakt med personar med nedsett hørsel, høyreapparatbrukarar eller teiknbrukarar.

Prosjektnr 2001/0248

Sluttrapport etter gjennomføring av 4 kurs.

1. Gjennomføring av kurs i 4 kommunar

27.mai	Naustdal sjukeheim	12 personar	(4 i tillegg på halve kurset)
29.mai	Sandane næringshage	Gloppen	11 personar
31.mai	Eid kyrkjetun	12 personar	
17.okt	Årdal rådhus	8 personar	Tilsaman 43 personar

2. Resultat av evalueringsskjema

Evalueringskjema besvart av	Naustdal	9 personar		
	Gloppen	10 personar		
	Eid	10 personar		
	Årdal	7 personar	Tilsaman	36 personar

Fordeling/yrke:	Naustdal	Gloppen	Eid	Årdal
Helsearbeidar/rehab	6	5	7	5
Nærmiljø/heim	1	3		
Skule/barnehage	2	2	3	2

Kurset var delt i to hovuddeler.

Det starta med brukarerfaring - frå å vekse opp som sterkt tunghørt barn. Første del hadde vektlegging på sterkt tunghørte/døve, behovet for visuell kommunikasjon, og korleis nedsett hørsel påverkar kommunikasjon og funksjonsevne på ulike alderstrinn.

Andre del starta med brukarerfaring - frå å oppleve hørselen redusert i vaksen alder.

Denne delen var knytt til opplæring i bruk og stell av høyreapparat, rutiner ved

Hørselsentralen ved tilpassing av høyreapparat, og tilvenning til å bruke høyreapparat.

Svar på spørsmål om kva del som var mest interessant:

Del 1 Visuell kommunikasjon : 7 personar

Del 2 Høyrerapparat-del : 11 personar

Begge deler : 18 personar

I tillegg nemnde 4 personar at det å høyre brukarerfaringane var spesielt interessant.

Svar på spørsmål om denne type "breie" kurs var nyttig:

Ja : 27 personar

Nei: Ingen 1 person svarte både-og 8 personar hadde ikkje svart

Tema innafør hørsel som var ønska viss personen skulle seie ja til nytt kurs:

Høyreapparat : 6 personar

Teiknspråk/døvhøyring : 8 personar

Audiologi : 2 personar

Barn/unge med nedsett hørsel : 3 personar

Hørseltekniske hjelpemiddel : 4 personar

Psyko-sosiale konsekvensar av nedsett hørsel : 2 personar

11 personar hadde ikkje svart

Av andre kommentarar som deltakarane kunne gje fritt, var det frå 10 personar positive utsagn om at temaet var interessant etc. 1 person sa spesielt at det var bra å møte hørselhemma som kursholdarar

2. Praktisk gjennomføring av kurset

Invitasjonen til kommunane om hørselkurset vart sendt til rådmannen. Det var ulike instansar i kommunen som hadde ansvar for kunngjeringsprosedyra av kurset internt. Som prosjektleiar hadde eg kontakt stort sett berre med den i kommunen som vart utpeikt til koordinator. Denne personen hadde oftast ein stilling i kommuneadministrasjonen. Tilbodet blei godt motteke, men vi trur at det var mykje opp til den enkelt arbeidstakar om han/ho hadde behov for kurset. Våre erfaringar ellers også tilseier at i dei fleste kommunar veit administrasjonen lite om kor mykje kunnskap eller mangel på kunnskap det finst i kommunen på hørselområdet, og også lite kunnskap om kor viktig dette fagområdet er for mange tilsette. Derfor var det også lite konsekvens m.o.t. om kurset vart anbefalt/vart gjeve fri med lønn/avspasering etc. Nokre deltakarar skulle på jobb etter kursslutt.

I dei 3 første kommunane betalte vi for lokale og bevertning, i den siste vart begge deler påkosta av kommunen. Noko av grunnen til dette var at kommunane tilbød oss gode lokale, eigd av stiftingar, som er leigebaserte, og vi tok imot desse tilboda. I den siste kommunen fekk vi bruke kommunestyresalen.

3. Kurs i 4 kommunar

Vi kunne utvide tilbodet vårt til 4 kommunar. Kommunane som fekk tilbod om hørselkurs låg nær bustaden til dei to brukarmedarbeidarane – utan at dette var medverkande årsak til valget!

Vi fekk derfor mindre utgifter til reise og overnatting for dei enn det som var budsjettert. Årdal fekk ekstratilbodet

4. Deltakargruppa

Totalt 43 deltakarar.

Av dei 36 som leverte evalueringsskjema var 23 personar frå helse/rehabilitering, 3 personar frå heim/nærmiljø og 9 personar frå barnehage/skule.

Vi møtte derfor personar frå alle tre målgruppene våre, men flest helsearbeidarar. Frå evalueringsskjemaet har vi sett at ikkje alle helsearbeidarane berre var opptekne av å oppdatere seg i bruk og stell av høyreapparat for sine pasientar, men at dei også fann andre deler av kurset interessant. Vi ser også frå evalueringa at personar frå barnehage/skule ikkje einseitig er opptatt av visuell kommunikasjon, men også finn det interessant å lære nytt om bruk av høyreapparat. Det støttar den grunngevinga vi hadde i utgangspunktet for å satse på eit "breitt" kurs – informasjon innafor eit breitt hørselspekter – sjøl om noko av informasjonen då vil dreie seg om andre ting enn det personen arbeider med til dagleg. Vi trur det har samanheng med at "folk flest" har lite kunnskap om hørsel og at temaet er interessant for dei fleste – både som fagarbeidar og kollega, og som privatperson med familie/nærmiljø.

I den første kursveka hadde vi ca 12 deltakarar på kvart kurs. Frå deltakarane fekk vi vite at veka vi hadde valt var "dårleg" med omsyn til påmelding (siste veka i mai) pga ferie, avspasering etc. Og at dei skulle ønske seg mange fleire frå eigen kommune der.

Siste kurset hadde vi midt i oktober og skulle såleis vere ideelt fri frå slike faktorar. Her hadde vi berré 8 deltakarar, 1 melde forfall pga sjukdom.

Vi trur derfor at det er andre faktorar som er med og bestemmer deltakartal. Ein av dei viktigaste faktorane vil vi tru er administrasjonen sin rolle og evt kommunale planar for faglege satsingsområde, og kommuneøkonomien. Uformelt – utan at vi kan talfeste noko – er vårt inntrykk at folk kjem til kursa mest for å gjere jobben sin betre og i mange tilfelle har dei teke eit slags "privat" ansvar for det, slik at dei gjer det utan pålegg frå arbeidsgjevar.

Når det gjeld informasjon om kurset til den tredje gruppa, familie og nettverk til sterkt tunghørtblitte/døvblitte barn/vaksne var nok dette litt krevande å gje innafor vanlege informasjonskanalar. Vi møtte nokre få i denne gruppa, m.a. eit pensjonistektepar med døve og tunghørte barn som tidlegare aldri har vore på eit hørselkurs.

5. Gjennomføring av målsetjinga

Vi har møtt helsepersonale med ansvar for høyreapparatbrukarar, andre faggrupper i kommunen med ansvar for sterkt tunghørtblitte/døvblitte barn/vaksne, og familie/nettverk til sterkt tunghørtblitte/døvblitte barn/vaksne. Færrest personar i siste gruppe.

Ut frå evalueringskjema og muntlege tilbakemeldingar har vi opplevd at kunnskapen vi ønska å gje, er blitt godt mottatt, og at folk opplevde å få auka innsikt i og forståing for hørselhemma sin situasjon.

Vi trur at det er behov for informasjon innafor hørselområdet både når det gjeld denne typen "breie" kurs og meir spesialiserte kurs til ulike grupper innafor ein kommune eller interkommunalt.

Vi trur også at det tek tid å bevisstgjere på dette behovet innafor kommuneadministrasjonen, og at i "våre kommunar" kan vi ha bidrege positivt til auka merksemd på dette behovet.

Ut frå våre erfaringar kunne kanskje ein kommuneadministrasjon og kontaktpersonar for hørsel - i fellesskap - vere ei målgruppe for eit "førebuande" kurs/informasjonsmøte.


Det er mykje som skjer i desse dagar innafor organisering av hørselomsorga. Ulike nivå har ulike oppgåver - og felles oppgåver. Vi ønskjer å vurdere kva oppgåver og samarbeidsformer dei ulike aktørane, frå offentleg hald og også frå

brukarorganisasjonane, har - før vi bestemmer oss for å planlegge nye prosjekt.

Det er i alle fall stor enighet mellom oss tre kurshaldarane at vi har hatt glede både av samarbeidet oss i mellom, og at det for oss har vore eit gjevande møte med kursdeltakarane.

Hørselsentralen Førde sentralsjukehus 06.12.02

For prosjektgruppa


Arne Britt N. Losnegård
prosjektleder

Kopi til Helge Hagen

Unni Johanne Myklebust

Jorunn Skogen

Margrethe Fjæren

prosjektansvarleg

referansepersonar

HLF v/Steinar Birkeland

Fylkeslegen i Sogn og Fjordane

Randi Bydal

Bergljot Hauge

kursmedarbeidarar